

Tilskot til inkludering av flyktningar (KF-607)



Referansenummer: 76WATB

Registrert dato:

27.11.2017 13:03:02

Innleiing	
Opplysningar om foretak/lag/forening	
Organisasjonsnummer 951549770	
Namn Meland Frivilligsentral	
Adresse Havnevegen 41	
Postnummer 5918	
Poststed FREKHAUG	
Telefon 56171066	
Bankkonto 150318837	
Leiars namn Nina Randal	
Eventuelt forbund/organisasjon som laget er tilslutta	
Opplysningar om kontaktperson	
Førenamn Nina	
Etternamn Randal	
Adresse Havnevegen 41	
Postnummer 5918	Poststad FREKHAUG
Telefon 40906548	
E-post frivilligsentralen@meland.kommune.no	

Tiltaket
Vel type tiltak
<input type="radio"/> Etablering av nytt tilbod
<input type="radio"/> Styrking av eksisterande tilbod

- Innkjøp av utstyr/materiale
- Kjøp av tenester som tolk, oversetting av informasjon
- Overføring av tilskot til løn og utgiftsgodtgjering
- Anna

Søknadssum

5000

kr

Utfyllande opplysningar: Last opp vedlegg på neste side

Beskriv nærare kva tilskotet skal brukast til

Innkjøp av utstyr/materiale til aktivitetar som har som føremål å skape møteplassar mellom busette flyktningar og innbyggjarar i Meland.

Aktivitetane er:

Strikkeklubb: Strikkeklubben blir arrangert ein gong i veka. Målet med tilbodet er å gje flyktninge kvinner busette i kommunen ein arena der dei kan møte norske kvinner og gjera ein aktivitet i lag. Slik får dei seg eit nettverk, får øva på å snakka norsk, vera sosiale og læra seg å strikka.

Internasjonal kafe: Eit tiltak som blir arrangert ein gong i månaden. Kafe'en er ein sosial møteplass for flyktningar og innbyggjarar i Meland. Arrangementsgruppa er sett saman av frivillige flyktningar og melandsbuarar. Matsalet på kafe'en dekker utgiftene til mat, men vi treng midlar til å kjøpe inn tallerkenar, lys, serviettar, og til leige av lòa. Leige av lòa er 600,- pr gong

Språkkafe: Annakvar laurdag stiller frivillige norske opp som språkvertar på språkkafe på biblioteket. Tilbodet er retta mot flyktningar og andre som treng å øve på å snakke norsk. Vi treng midlar til å kjøpe inn materiell vi kan bruke i aktiviteten. Til dømes bildekort, ordspel.

Planlegging av fleirkulturell framsyning: Forarbeid i høve ei musikalsk framsyning der vi skal involvere barn, ungdom og vaksne med flyktninge bakgrunn og norske barn.